ÅSERAL KOMMUNE
Gardsvegen 68
4540 ÅSERAL

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | | Dato: |
|---|---|---|---|
| | Sak/dok.: | 06/01913-51 | 23.02.2021 |
| | Ark.: | 326.12 | |

# Vedtak i namnesak 2020/451 – Viamyræ i Åseral kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Åseral kommune:

- ***Viamyræ*** (myr)

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

**Bakgrunn**
Namnesaka vart teken opp av Språkrådet i samband med adressering i Åseral kommune. Namnet er tenkt brukte som ledd i adressenamn, og namnet hadde fleire godkjende skrivemåtar i offentleg bruk. Namnesaka vart reist for å fastsetja rett skrivemåte for offentleg bruk.

**Rettsleg grunnlag**
Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn.

**Uttale og skrifttradisjon**
I tilrådinga frå Språkrådet står det at «Gjennom eit par telefonsamtalar har Språkrådet fått opplyst at det visstnok blir sagt /vi:a`myr/ eller /vi:`amy:ræ/, helst det sist, men ingen kjende namnet som del av eige namneunivers. Gudrun Austigard er likevel fortruleg med ein god del namn omkring der.». Vidare står det at «Det verkar som dei vi snakka med, fann bunden form som mest tilforlateleg i Åseral av eit slik namn, slik óg Austigard. Vi har altså ikkje fått heilt sikre informantopplysningar.»

Namnet er skrevet båe *Viamyra* (1965) og *Viamyræ* i økonomisk kartverk.



Kartverket Agder Besøksadresse: Tordenskjoldsgate 65, Kristiansand Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
Telefon: 32 11 80 00 Telefax: 32 11 85 41 E-post: post@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238

**Høyringssvar og tilråding**
Kartverket sendte saka til kunngjering i Åseral kommune i brev datert 27.10.2020, i tråd med § 8 i lova. I brev datert 12.01.2021 opplyser kommunen at saka har vore ute på høyring i tidsrommet 30.10.2020 til 01.12.2020, men at det ikkje har komen inn nokon høyringssvar til kommunen. Språkrådet har gjeve tilråding i brev datert 18.02.2021.

Kommunen har heller ikkje uttalt seg i saka, men dei ber om at saka vart endelig handsama.

I tilrådinga frå Språkrådet er det stilt spørsmål om det er adjektivet *vid* som ligg til grunn for namnet. Gudrun Austigard har svara at ho «tenkjer seg likså snart *vidje*, men det passar neppe med –a-komposisjon. Betre etter målføret høver då eit adjektiv, jf. *Storamyræ* som ligg nord for «vår» myr. No er *Vi(d)amyr(æ)* etter kartet og andre opplysningar ei lita myr, og passar ikkje heilt til innhaldet *vid*. På den andre sida, når Storamyræ ligg like nordanfor, er parallellen *vid* nokså rimeleg.» Samstundes er det satt fram nokre moglege parallellar i Norske Gaardnavne, som *Vines* (Østfold) av *vid*, *Vien* (Hedmark) av *víð* 'vid' eller *viðr* 'skog'. Videre står det i tilrådinga frå Språkrådet at «I Vest-Agder finst *Viland* som etter NG kan setjast til gno. *víð* eller *viðr*, liksom førre òg kan avspegle eit lokalt forhold som ikkje kjem fram på kartet. Når det gjeld bunden eller ubunden form, er Austigard mest innstilt på bunden form, altså "Vi(d)amyræ".»

Språkrådet meiner at adjektivet *vid* er det mest sannsynlege opphavet for førelekken, men at dei reelle tilhøva ikkje talar direkte for det. Språkrådet tilrår, etter ei samla vurdering, V*idamyræ* som den forma som reflekterer det mest sannsynlege innhaldet i namnet (jf. det parallelle namnet *Vidamyr* i Hægebostad). Dei skriv at det likevel opnast for *Viamyræ* «sidan det blir stilt spørsmål om det er grunnlag for tydinga 'vid' på staden, og at forma *Viamyr-* alt er tatt i bruk i adressenamnet.»

**Kartverket si vurdering**
Det må vurderast om førelekken i namnet skal skrivast *Via-* eller *Vida-*. Ut frå dei forklaringane som er nemnde ovanfor, er vi einige med Språkrådet i deira vurdering at adjektivet *vid* truleg er eit sannsynleg opphav for førelekken. Me kan likevel ikkje sjå at det er nokon skriftleg tradisjon for bruk av *Vida-* i dei skriftlege kjeldene. I økonomisk kartverk er førelekken *Via-* brukt i 1965. Sidan namnets opphav ikkje er heilt tydeleg, vel Kartverket å ta utgangspunkt i den munnlege forma.

I Sentralt stadnamnregister (SSR) er det skrivemåten *Viamyræ* som er den godkjende og tilrådde forma i primærfunksjonen. Kommunen har allereie vedtatt adressenamnet *Viamyrvegen*.

I punkt 4 i dei utfyllande reglane om normering av norske stadnamn er det opna for endingane *–i,-e, -o, -å, -a* i sterke hokjønnsord når det samsvarar med dialektuttalen, og det kan reknast som ei regional samleform. Skrivereglane nemner ikkje *æ*-ending i sterkt hokjønn, men til dels er *–e* brukt for /æ/ending slik det kjem fram av tilrådinga frå Språkrådet.

Normeringspraksisen bør også vera ein viktig del av grunnlaget, og opplysningane i Sentralt stadnamnregister viser at det er fleire namn i Åseral kommune med endingane *–myræ* og *–liæ* slik også Språkrådet påpeiker i si tilråding. Heilt i nærleiken av namnet på myra finn me namna *Museliæ, Grønaliæ, Storamyræ* og *Takhomliæ*.

Endinga med *–æ* må difor vera å rekna som ei lokal dialektform som har ein viss tradisjon i skrift. Skrivemåten med *-æ* er nytta i økonomisk kartverk. Lokale dialektformer «kan veljast når særlege grunnar taler for det», jf. § 3 i forskrift om stadnamn. Eit sterkt lokal ynske kan også reknast som ein særleg grunn.

Skrivemåten *Viamyræ* vert fastsette i samsvar med Språkrådet si tilråding, jf. § 4 i lov om stadnamn og punkt 2 og 6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.

**Kunngjering**
Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

**Bruken av vedtekne skrivemåtar**
Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

**Klage**
Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjord.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Lars Fredrik Gyland
fylkeskartsjef

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: Lov om stadnamn
Forskrift om stadnamn
Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Kopi Lars Fredrik Gyland, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)
Maria Ellingsen, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)
SPRÅKRÅDET